



Trubaduren Terje Sager innleia sesongen ved Systrene Nilsen og

han skal også avslutta den. Med andre ord blir det levande musikk både fredag og laurdag.

Det blir også ein form for feiring for den populære musikaren, for han har fått platekontrakt i Tyskland med bandet Wilfred.

Terje skriver egne låter i tillegg til at han framfører andres over eit svært vidt spekter frå eldre pop til dagens musikk.

Han nyttar berre akustisk gitar og munnspele og har ein spesiell teknikk der han gjer opptak av seg sjølv som han så nyttar og lager eit allsidig lydbilete.

Her spelar han ved sesongopninga.

Foto: Ola Matti Mathisen